



Tone Furustøl

Deres ref.:

Vår ref.:
20/16981 - 2 / LIGRMJ

Dato:
05.11.2020

Uttale frå miljøretta helsevern angående søknad om dispensasjon frå byggeforbod i omsynssone for nedslagsfelt for drikkevatt - gbnr 181/1 og 181/11 Torsheim

Den 14.10.20 mottok Miljøretta helsevern førespurnad om uttale i sak 20/13185 - Søknad om dispensasjon frå byggeforbod i omsynssone for nedslagsfelt for drikkevatt for etablering av minireinseanlegg og for søknad om utsleppsløyve for gbnr 181/1 og 181/11 Torsheim.

Miljøretta helsevern har vurdert dispensasjonssøknad.

Kommunen har som oppgåve å sikre innbyggjarane godt drikkevatt. Auka utsleppsløyve kan gje auka risiko for forureining av Storavatnet, som er hovuddrikkevattkjelda i Alver kommune.

Risikoen for forureining av hovudvasskjelda i kommunen, og dei konsekvensar det kan medføre er i ikkje i samsvar med gjeldande forskrifter.

Ut i frå ei samla vurdering, kan ikkje Miljøretta helsevern tilrå at det vert gjeve utsleppsløyve eller dispensasjon frå byggeforbod i omsynssone for nedslagsfelt for drikkevatt.

Vurderinga er utført jamfør;
Forskrift om miljørettet helsevern § 2 og Drikkevannsforskriften §4.

Med helsing

Kjetil Lorentsen
assisterande kommuneoverlege

Grethe Elin Mjelde
teknisk-hygienisk ingeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Mottakere

Tone Furustøl